



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
04.11.2016
Dykkar dato
01.11.2016

Vår referanse
2016/13625 542.1
Dykkar referanse
Leif Rune Pedersen

Erko Seafood AS

Rapport frå inspeksjon ved Erko Seafood AS på lokaliteten Barlingebotten i Masfjorden kommune

Rapportnummer: 2016.080.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Leif Rune Pedersen, adm. dir.
Alf Vidar Skår, driftsleiar
Endre Sandnes, røktar

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Anne Christine Knag, kontrollør
Lena Ziskason, observatør
Tom N. Pedersen, kontrollør

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- vilkår i utsleppsløyvet
- internkontroll for ytre miljø

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Erko Seafood AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 1. februar 2017 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Anne Christine Knag
overingeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Masfjorden kommune
Fiskeridirektoratet, Region Vest

1. Informasjon om verksemda

Namn: Erko Seafood AS	Risikoklasse: 3
Besøksadresse:	
Postadresse: Chr. Michelsensgt 6B, 5012 Bergen	
E-post: Leif.Rune@hauglandgruppen.no erko@hauglandgroup.no	Telefon: 55 36 11 00
Kommune: Masfjorden	Organisasjonsnr.: 966 451 238
Bransjenr. (NACE-kode): 03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	Eigar (org.nr.): 966 451 238
Løyve sist oppdatert: 17. oktober 2011	Siste tilsyn: ikkje kontrollert tidlegare

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Fylkesmannen i Hordaland har eit risikobasert tilsyn av matfiskanlegga i Hordaland. Det har tidlegare ikkje vore tilsyn på lokaliteten Barlingebotten eller nabolokaliteten Bergsvik. Utsleppsløyvet er frå oktober 2011.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- utslepp til vatn og luft og utslepp av støy
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- handtering av farleg avfall
- handtering av kjemikal og substitusjon av kjemikal
- krav i utsleppsløyve datert 17. oktober 2011

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. februar 2017 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

Vi ser alvorleg på avvik 1 som vart funne under inspeksjonen. Gjennomføringa av tiltaka kan derfor bli følgt opp med nytt tilsyn utanom ordinær tilsynsfrekvens

4. Kontrollgebyr

Som varsla før tilsynet skal Erko Seafood AS betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12.500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg via Miljødirektoratet si nettstad Norske Utslipp på www.norskeutslipp.no, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- utsleppsløyvet datert 17. oktober 2011
- dokumentasjon som verksemda la fram under tilsynet

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre forhold:** Saker som framkom under inspeksjonen og som kan vere nyttig for verksemda å vite om. Her kan også tema som vart diskutert under inspeksjonen inngå, men der det ikkje blei gitt avvik eller merknader.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda stettar ikkje vilkåra i utsleppsløyvet

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet datert 17. oktober 2011

Kommentarar:

Krava i punkt 4 i utsleppsløyvet:

. . . . Normalkravet er at verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med miljøgranskingar etter NS9410. Lokaliteten Barlingebotnen ligg i så bratt terreng at MOM B metoden må tilpassast ved at prøvetakinga vert flytta til den delen av anlegget som ligg over djupast vatn. Fylkesmannen meiner dei to lokalitetane nær kvarande i Masfjorden bør sjåast i samanheng og at resipientundersøking etter MOM C blir gjort for begge lokalitetane og etter 2 år i drift eller etter avtale med Fylkesmannen. Dette skal gjerast for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Tiltakshavar må og følgje opp modelleringa etter fjordmiljømodellen og foreta jamlege oksygenmålingar i bassengdjupet ved lokaliteten kvar månad dei to første åra anlegget er i drift, jf naturmangfaldlova § 8. Fylkesmannen kan påleggje verksemda å betale sin del av kostnadene ved ei felles resipientundersøking saman med andre verksemder med utslepp i området der anlegget er plassert.

Det er stilt krav i løyvet i punkt 10.6 om varsling av akutt forureining. Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift. Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen på e-post fmhpostmottak@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

Avviket er basert på følgjande observasjonar

1. I utsleppsløyvet vart det gitt eit eksplisitt vilkår om å gjere oksygenmålingar i bassengvatnet (det djupaste partiet i Masfjorden) månadleg dei to første åra anlegget er i drift. Dette vart purra på i brev til Erko Seafood AS datert 30. november 2015 og på nytt i e-post datert 14. juli 2016. Fylkesmannen har per dato ikkje motteke oksygenmålingar frå Masfjorden.
2. Erko Seafood AS har ikkje gjort MOM B-gransking på lokaliteten Barlingebotnen sidan oktober 2014. Det har såleis ikkje blitt gjort nokon MOM B-gransking på siste generasjon i anlegget. Det er ikkje i samsvar med NS9410.
3. MOM B granskinga som vart gjort i 2014 har ikkje følgd vilkåret i utsleppsløyvet om å tilpasse granskinga til den bratte topografien på lokaliteten.
4. Beredskapsplanen har ikkje med eit punkt om at det ved akutt forureining skal sendast melding Fylkesmannen.

Avvik 2: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse,- miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 2.

Kommentar til regelverket:

Et internkontrollsystem skal sikre at verksemda overheld krava som er satt i forureiningslova, i produktkontrollova og relevante forskrifter. Både arbeidet med risikovurdering og rutinar

skal vere skriftlig. Skriftlege rutinar bidrar til å sikre at alle ledd i organisasjonen har same informasjon.

Skriftlege rutinar

Verksemda skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift.

Arbeidsrutinar må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Risikovurdering

Anlegget må kjenne til risikoen for forureining ved vanleg drift og ved alle arbeidsoperasjonar og uønska hendingar som kan oppstå på anlegget. Anlegget må óg kjenne til kva for kjemikal som blir nytta i produksjon og som endar som utslepp frå produksjonen som fører til utslepp frå produksjonen. Ut frå dette kan ein så lage ordningar og rutinar for å minska risikoen for utslepp og forureining, og beredskapsplanar for uønska hendingar. I arbeidet med risikovurderingar er det viktig å vita kva som er gjort av slike vurderingar og tiltak tidlegare, og alle miljørisikovurderingar skal derfor vera skriftlege.

Tanklagring

Kapittel 18 i forureiningsforskrifta gjeld for tankar for petroleumsprodukt på meir enn 10 m³. For andre farlege kjemikal (til dømes ensilasje tilsett >2 % maursyre) og farleg avfall gjelder kapitlet for tankar over 2 m³. Miljørisikoanalysen skal omfatte alle forhold ved tanklagring i verksemda. Den ansvarlige for lagringa skal til ein kvar tid kunne dokumentere at krava i kapittel 18 i forureiningsforskrifta er oppfylt.

Miljømål

Verksemda skal ha vurdert kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten ved drifta. Ut frå dette skal Erko Seafood AS setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødig forureining av det ytre miljø på lokaliteten deira. Desse måla skal gjelda for anlegget, og dei skal vera konkrete og dokumenterte slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

Leiinga skal vurdere om måla er nådd eller ikkje. Denne vurderinga skal visa om mål og delmål er nådde, eller om drifta må justerast for å oppnå dette.

Dei tilsette må kjenna miljømåla. Den daglege drifta av anlegget skal vere lagt opp for å nå måla.

Avviket er basert på følgjande observasjonar

Uoversiktleg internkontroll

Erko Seafood AS har eit internkontrollsystem som er eit databasert system som krev innlogging på PC. Systemet er komplisert og lite tilgjengeleg, og både leiinga i verksemda og driftsleiar hadde vanskar med å finne frem til rutinar og skriftleg dokumentasjon. Verksemda

skal neste år ta i bruk eit nytt system som skal vere ei forenkling og vere lettare tilgjengelig for dei tilsette. Det nye systemet skal vere på plass til 1. februar 2017.

Manglande skriftlege rutinar for substitusjon

Erko Seafood AS kunne ikkje syne til skriftlege rutinar for substitusjon. Det mangla òg dokumentasjon av kva substitusjonsvurderinga som hadde vore gjort.

Fleire tema er ikkje risikovurdert

Verksemda har gjort ei risikovurdering, men den har nokre manglar. Tema som ikkje er risikovurdert inkluderer:

- effektar på resipient av utslepp av innhald i fôret, slik som sink, kadmium og restar av plantevernmiddel.
- utslepp av kopar som følge av bruk av koparimpregnerte nøter og høgtrykkspyling av desse.
- tanklagring av diesel og ensilasje.

Miljømåla vert ikkje følgt opp

Erko Seafood AS har sett fleire konkrete og målbare miljømål for lokaliteten Barlingebotten i form av mengd kjemikalie, olje med meir, men desse blir ikkje følgt opp med rapport over forbruk av nemnde element slik at måloppnåing kan evaluerast.

I utsleppsløyvet er det sett krav om at tilstanden i bassengvatnet skal vere minimum tilstandsklasse II, målt som oksygeninnhald i djupvatnet. Erko Seafood har kopla vilkåra i utsleppsløyvet om miljøtilstand i resipient til mål for drifta på lokaliteten.

Leiinga vil ikkje kunne evaluere om verksemda sine miljømål om ikkje å forureine resipienten på ein akseptabel måte er nådd.

8. Merknader

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader ved tilsynet.